



KSK-notat nr.: 20/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Småkraft AS/ Søknad om tillatelse til å bygge Osane kraftverk		
Fylke/kommune:	Rogaland/Suldal		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Auen Korbøl	Sign.:	
Dato:	07 MAR 2013		
Vår ref.:	NVE 200700913 – 15 (200503192)		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Søknad om tillatelse til å bygge Osane kraftverk i Suldal kommune, Rogaland fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentarer til høringsuttalelsene	11
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse	16
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	18
NVEs vurdering	21
NVEs konklusjon	28

Sammendrag

En strekning av Steinstølåna i Suldal kommune i Rogaland fylke planlegges utnyttet til kraftproduksjon gjennom bygging av Osane kraftverk. Det er planlagt inntak i Steinstølåna på ca. kote 702 og boret tunnel ned til kraftstasjonen ved Sandsavatnet på ca. kote 607. Planlagt installasjon er på ca 2,65 MW og maksimal slukevne på ca 3,55 m³/s. Estimert årlig produksjon vil bli på 9,8 GWh i et middels vått år.

Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune, Naturvernforbundet i Rogaland og Stavanger turistforening er negative til en utbygging slik den foreligger i den opprinnelige søknaden med rørtrasé langs turstien. Dette begrunnes bl.a. med at det er store restverdier for friluftsliv i området som vil bli berørt. Fylkesmannen ber om at det må tas særlige hensyn ved valg av rørtrasé og ønsker at en tunnel løsning blir vurdert. Fylkesmannen ønsker også en høyere minstevannføring enn omsøkt av hensyn til landskapsverdier og friluftsliv dersom det gis konsesjon.

Etter høring har Småkraft AS sendt inn justerte planer der vannvei planlegges i tunnel. Samtidig er slukeevnen oppjustert. NVE har ikke sendt endringene på høring.

En utbygging etter omsøkt plan vil gi om lag 9,8 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er vanlig for småkraftverk. Selvom dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De tre siste årene har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse konsekvensene kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom vilkår, så kan det gis konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

I helhetsvurderingen legger NVE vekt på at en bygging av Osane kraftverk vil innebære relativt små negative konsekvenser for landskap og naturopplevelse i et område med friluftsinnteresser. Etter vår mening vil god planlegging av de tekniske inngrepene og bruk av boring i fjell redusere de negative virkningene i stor grad. Inntaket kan gjøres lite synlig og boring av tunnel samt slipp av en høyere minstevannføring hele året enn omsøkt vil redusere skadevirkningene for landskapet og livsmiljøet i og langs elva på utbyggingsstrekningen. Produksjonen vil bli redusert med ca. 1,5 GWh/år med et slikt pålegg.

Hubro, som er registrert ved Botnavatnet, vil etter NVEs vurdering ikke bli vesentlig berørt av tiltaket dersom anleggstiden legges utenom hekkeperioden fra mars til midten av juni. NVE er av den oppfatning at det i en driftperiode ikke vil bli noen økt menneskelig aktivitet i forbindelse med kraftverket da området per i dag er et mye brukt friluftsområde.

Etter vårt syn vil fordelene i denne saken i form av økt kraftproduksjon og lokal verdiskapning overstige ulempene for allmenne og private interesser dersom det stilles strenge krav om anleggsperiode, samtidig som vannveien legges i tunnel.

NVE mener fordelene ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Småkraft AS tillatelse til å bygge Osane kraftverk, iht. oppdaterte planer med vannvei i tunnel. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

Småkraft AS har sendt inn følgende søknad til NVE datert 23.november 2005 om konsesjon etter vannressursloven § 8 for bygging av Osane kraftverk:

"Småkraft AS ønsker å utnytte deler av fallet i Steinstølåna og søker herved om følgende tillatelser:

1. Lov av 24. november 2000 om vassdrag og grunnvann om tillatelse til:
 - Bygging av Osane kraftverk i samsvar med fremlagte planer.
2. Lov av 29.juni 1990, nr 50 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi med mer om tillatelse til:
 - Å installere en generator på inntil 2,0 MW i Osane kraftverk med nødvendig elektrisk anlegg.
 - Å installere nødvendig koplingsanlegg for kabel-/ linjetilknytning
 - Legging av 22 kV kabel / luftlinje fra kraftstasjonen og frem til eksisterende 22 kV linje.
3. Lov av 13.mars 1981 om vern mot forurensning med mer om tillatelse til:
 - Gjennomføring av tiltaket.

Det opplyses at det er inngått avtale med grunneiere på gnr 26 bnr 1, 2, 3, 4 og 6 i Suldal kommune med fallrettighetene om falleie og øvrige rettigheter til å gjennomføre prosjektet."

Småkraft AS har sendt inn et nytt, oppdatert alternativ i brev datert 18.12.2007.

Osane kraftverk, hoveddata			
TILSIG		Hovedalternativ	Nytt alternativ (18.12.2007)
Nedbørfelt	km ²	20,9	samme
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	55,9	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	Ikke oppgitt	
Middelvannføring	m ³ /s	1,77	
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,13	
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,13	0,13
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,13	0,13
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	702	702
Avløp	moh.	607	607
Lengde på berørt elvestrekning	m	Ca. 800	
Brutto fallhøyde	m	95	
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,23	
Slukeevne, maks	m ³ /s	2,66	3,55
Slukeevne, min	m ³ /s	0,13	0,13
Tilløpsrør, diameter	mm	1200	
Tunnel, diameter	m		1,2
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1350 (rør)	1000 (tunnel)
Installert effekt, maks	MW	2,0	2,65

Brukstid timer 4800

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	4,3	
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	5,3	
Produksjon, årlig middel, redusert for slipp av mvf.	GWh	9,1	9,8

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	22,1	24,7*
Utbyggingspris	kr/kWh	2,42	2,52*

*oppdaterte 2007 kostnader med vannvei i fjell.

Osane kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Ytelse	MVA	2,2
Spennning	kV	0,6

TRANSFORMATOR

Ytelse	MVA	2,2
Omsetning	kV/kV	0,6/22

NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)

Lengde	m	60
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		jordkabel

Høring og distriktsbehandling

Søknaden er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vært sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse. NVE var på befaring i området den 17.10.2006 sammen med representanter for søker, grunneiere, kommunen og Stavanger turistforening. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar.

NVE har mottatt følgende merknader til søknaden:

Suldal kommune fattet følgende vedtak i LMT-utvalget 26.04.06:

1. Suldal kommune vil rå frå at Osane kraft får konsesjon for utbygging, då den kjem i konflikt med fleire ålmene verdiar knytt til friluftsliv og miljø, som nemnt i rådmannen si vurdering i saksframstillinga.
2. Om NVE likevel tek sikte på å gje konsesjon, krev rådmannen ei ny og grundigare konsekvensutgreiing for vegetasjon knytt til vasstrengen, fisk og påverknad av vilt, og då spesielt rein, i nærområdet, då kunnskapsgrunnlaget er for dårleg til å kunna trekka klare konklusjonar av verknadane av tiltaket.
3. Suldal kommune vil vera med på synfaringa NVE skal ha. Suldal kommune vil ha rett til å koma med tilleggsuttale etter denne.

[...]

Vurdering og konklusjon:

Osane kraftverk vil bli eit etter måten stort anlegg, med ein planlagt årsproduksjon på 9,1 GWh pr år, som vil vera blant dei største i kommunen av nye små kraftverk.

Vedr. samfunnsmessig verdi:

Ein skal i konsesjonssaker vurdera den totale samfunnsnyttan opp imot skadeverknadane prosjektet kan medføra.

Etter rådmannen si vurdering skil Osane kraftverk seg i sum frå dei andre små kraftverka som det er søkt om i Suldal i dei seinare åra:

- Anlegget vil liggja i eit område som ligg nær opptil eit sterkt utbygd vassdrag (Sandsa), men samstundes slik at inngrepa vil vere i ei ikkje-utbygd vassstreng og i inngangspartiet til eit fjellområde utan større inngrep.*
- Anlegget vil ikkje vera i nær tilknytning til eigarane sine gardsbruk i låglandet, og vil liggja langt i frå vinterbrøyta veg.*

Det er utan tvil eit prosjekt som eigarane og kommunen vil ha positiv økonomisk vinst av, og dette er isolert sett positivt i høve til busetnad og seinare tids krav til lønsam utnytting av ressursane på gardsbruka - slik som ein kan seia om så godt som alle mindre kraftverk. Men dette argumentet bør ikkje alltid overskugga andre verdier.

Vedr. tilhøvet til landskaps, friluftslivs- og naturverdiar:

Fjellområda i Suldal er sterkt utnytta, og område utan inngrep minskar gjennom kvart nytt vedtak om tiltak. I dette tilfellet vil det gå tapt eit "inngrepsfritt område", etter Direktoratet for naturforvaltning sine kriterier, på 1,7 km². Verknadar på landskap er i stor grad subjektive. Her som i alle andre kraftsaker blir det inngrep i terrenget, og det meste av vassføringa i vassstrengen blir borte. Såleis er dette ein av mange inngrep som kvar for seg ikkje kan seiast å vera vesentlege - men ei 5m høg demning og andre endringar i terrenget syner utan tvil igjen.

Tilkomsten til Stavanger turistforening sine hytter på Sand og i Stranddalen skjer via merka sti langs Steinstølåna. Dette er einaste tilrettelagte sti inn i dette området. Langs denne tilkomsten vil det opparbeidast veg, samt liggja ei røyrgate og ei demning og byggjast jordvoll m.v. Turistforeninga har i si uttale til saka gått sterkt imot prosjektet, og m.a. lagt vekt på at stien er eit kompensasjonstiltak etter Ulla-Førre utbygginga.

Når det gjeld tilhøvet til fiske, vil tørre periodar i elvestrengen sjølvstøtt påverka fisket i vatna ved reduksjon av produksjonen av fisk. Rådmannen har ikkje inngåande kjennskap til fisketilhøva i vatnet, men generelt i fjellområda er dei aller fleste vatna overbefolka, og det kan med rette seiast at slike tiltak kan føra til større fisk og dermed eit meir attraktivt fiske. Auka uttak av fisk i vatna utan denne typen byggetiltak er derimot ein meir økologisk rett måte å gjera akkurat det på.

Når det gjeld vilt, er Botnavatnet ein klassisk og velbrukt hubro-lokalitet, og i dei seinare åra, seinast i 2005. Evt. anleggsverksemd må påleggjast å ta omsyn til dette. Området ligg og innføre jaktområdet til jaktfalk, som har hatt tilhald i nærområdet lenge.

Saka bør og sjåast i samanheng med den moglege langsiktige utviklinga av Sandsaområdet. Det ligg føre planar om hytteutbygging langs nordsida av vatnet, som ikkje kom med i nyleg vedtekte kommuneplan, men som vil bli fremma på ny i komande periode. Ved å opna for dette kraftverket og seinare for hytteutbygging, vil kravet om open veg inn i området reisast, og Sandsaområdet vil bli meir intensivt utnytta.

Reinen har fleire gamle trekkvegar kring Sandsavatnet (sjå vedlegg), som leiar over til Mosvatnområdet. Dette er område som nyttast sjeldent, men som er svært viktige når det er vanskelege tilhøve i høgfjellet, t.d. ved ising. Det er nettopp "bit for bit" - tapet av leveområde for rein i heile Setesdal-Ryfylkeheiane som er den største trusselen mot reinstamma.

Bruken av Breiastølsdalen som skiutfartsområde vil og, i tilfelle brøyting kjem som følge av ei langsiktig utvikling, endrast radikalt.

Slike små kraftverk har synt seg å kunna føra til ein del uønskja lyd, noko som og er eit forstyrrende element i fjellområda.

Oppsummering

Rådmannen finn at den positive samfunnsvinsten i prosjektet ikkje oppvegar dei negative verknadane. Kraftverket skil seg ut frå dei andre kraftprosjekta på fleire vis, og fører på kort og lang sikt til konflikt med almenne verdiar knytt til miljø og friluftsliv. Ein vil derfor rå til at kraftverket ikkje får konsesjon til bygging.

I fall overordna mynde ikkje er samd med kommunen si vurdering i saka, vil Rådmannen krevja betre miljøundersøkingar i området før konsesjonssak slutthandsamast, spesielt når det gjeld vegetasjon langs vassstrengen, fisk og påverknad på vilt, då eksisterande kunnskapsnivå er for dårleg. Rådmannen er såleis ikkje samd i at utarbeida konsekvensutgreiing er grundig nok til å trekka klare konklusjonar om verknadar av tiltaket. Det må og stillast krav om stans i byggeverksemd i hekkeperioden for hubro".

Fylkesmannen i Rogaland uttaler i brev av 03.04.06:

"...

Vurdering: *Deler av området er lite påvirket av tekniske inngrep. Lokalt vil derfor landskapsverdiene bli redusert som følge av den omsøkte utbyggingen. Landskapseffektene av den nye utbyggingen er først og fremst knyttet til tørrlegging av elvestrekninger og til selve rørgatetraséen.*

Uten minstevannføring tørrlegges Steinstølåna mellom Grunnavatn og Botnavatn, noe som vil ha uheldige effekter på landskapet. En eventuell full tørrlegging vil samtidig gjøre stor skade på fisk og andre akvatiske organismer. Slipping av minstevannføring vil til en viss grad kompensere for disse effektene. Mellom Botnavatn og Sandsavatn har elva et lokalfelt som bidrar til at effektene blir noe mindre her nede.

Rørtaséen og legging av selve rørgaten vil gi uheldige effekter på landskapet. Det må tas særlige hensyn ved detaljplanleggingen av trasé, slik at inngrepene blir så små og så lite synlige som mulig. Det bør ryddes så lite trær som mulig, og traseen må beplantes med samme type vegetasjon som naturlig finnes i området. Fylkesmannen savner et alternativ hvor rørgaten erstattes med tunnel i fjell fra Grunnavatn til Sandsavatn.

Stien til Sandsahytta går langs Steinstølåna. Tørrlegging av elva vil derfor være uheldig. Effektene for friluftsliv av inngrepet vurderes som "små til middels negative" i konsekvensutredningen, mens Fylkesmannen vurderer effektene som i hvert fall "middels negative".

Minstevannføring kan kompensere noe for dette. Om sommeren (01.06-31.08) bør minstevannføringen økes til 2x alminnelig lavvannføring av hensyn til friluftinteressene og bruken av området generelt.

På grunn av Ulla-Førre utbyggingen er deler av prosjektområdet betydelig påvirket av tekniske inngrep (veier, kraftlinjer, reguleringsmagasin 50 m). Landskapsverdiene i området er derfor allerede redusert. I sum vurderes likevel de nye landskapsinngrepene som moderate sammenlignet med eksisterende inngrep i området.

Utfra de tilgjengelige data om området, vurderes effektene av utbyggingen som små for andre fagområder. Det vises her til konsekvensutredningen.

Konklusjon: *Det må tas særlige hensyn til valg av rørgatetrasé og terrenginngrepene i forbindelse med nedgraving/overdekkingen av denne. Fylkesmannen vil be NVE å se på om tunnel fra Grunnevatn til Sandsavatn kan være et realistisk alternativ til rørgate.*

Det bør slippes en minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring. Av hensyn til landskapsverdi og friluftsinnteresser bør dette økes til 2x alm. lavvannføring om sommeren (turistsesongen).

Vi forutsetter at standard betingelser vedr. naturforvaltning legges til grunn i konsesjonen."

Rogaland fylkeskommune har fattet følgende vedtak i fylkesutvalget 09.05.06:

"Rogaland fylkeskommune går mot at det gis tillatelse til utbygging av Osane kraftverk i Steinstølåna i Suldal kommune som beskrevet i søknad av november 2005.

... "

Til grunn for vedtaket lå følgende vurdering fra fylkesrådmannen:

"...

Fylkesrådmannens vurdering

Fylkesrådmannen legger til grunn at det er et nasjonalt mål å utnytte energiresursene i små vassdrag dersom de miljømessige ulempene ikke er for store - og at prosjektene har en klar, positiv virkning for lokalsamfunnet.

Omsøkt utbygging ligger i en del av Suldal kommune som er sterkt påvirket av tidligere, store kraftutbygginger. Selv om Ullavassdraget er utnyttet til vannkraftformål, er den øvre delen av tiltaksområdet et nesten urørt restområde med store kvaliteter både i forhold til landskap og friluftsliv. Planlagt utbygging vil påvirke disse interessene i negativ retning.

Konsekvensutredningen som følger søknaden vurderer konsekvensene til å være små/middels negative for disse to vurderingstemaene. Både når det gjelder landskaps- og friluftslivsinteressene, mener fylkesrådmannen at middels/store negative konsekvenser er en mer relevant klassifisering. Dette begrunnes med den omfattende bruken av både turisthytter og turistløyper som foregår i området. I tillegg må en se dette i sammenheng med at denne del av Ryfylkeheiene har en rekke av de største kraftutbyggingsinngrepene i landet, og at gjenværende, urørte områder er besluttet vernet i to gjeldende fylkesdelplaner.

I fylkesplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern (FINK) er deler av planlagt utbyggingsområde klassifisert som et "turområde hvor allmenne friluftsinnteresser bør gis prioritet". I fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane ligger hele tiltaksområdet i "ytre planområde". I retningslinjene for dette planområdet heter det blant annet: Naturressursene i området skal kunne utnyttes til det beste for fast bosetting gjennom friluftsliv og næring (landbruk, utmarksnæring og reiseliv) uten at naturressursene blir forringet for kommende generasjoner. Videre skal forvaltningen av området ivareta lokale, regionale og nasjonale

natur- og kulturverdier og friluftslivsinteresser. Det er ikke tillatt med nye inngrep som bygging av nye bilveier, oppføring eller fradeling av fritidshus eller annet som ikke er knyttet til stedbunden næring (kopi av kart som viser den såkalte ytre vernesone i fylkesdelplanen foreligger som vedlegg 5).

Når det gjelder kulturminneinteressene, er konsekvensen for disse satt til ubetydelig/liten negativ (0/-1). Fylkesrådmannen er enig i en slik vurdering da det ikke er påvist automatisk freda kulturminner verken innenfor eller nær det omsøkte tiltaket. Samtidig blir de aktuelle områdene vurdert å ha lite potensiale for funn av slike kulturminner. I forbindelse med Ulla-Førre-utbyggingen ble det foretatt større arkeologiske registreringer i området. Fylkesrådmannen anser derfor undersøkelsesplikten i henhold til Kulturminnelovens § 9 som oppfylt. En vil likevel understreke at selv om en pr. i dag ikke kjenner til automatisk freda kulturminner i området som omfattes av tiltaket, må eventuelle funn ved en eventuell gjennomføring av tiltaket straks varsles fylkeskommunen, og alt arbeid stanses inntil vedkommende myndighet har vurdert funnet, jfr.-Kulturminnelovens § 8.

Etter fylkesrådmannens vurdering er omsøkt tiltak klart i konflikt med gjeldende fylkesdelplaner nevnt ovenfor, og de miljømessige konsekvensene knyttet til landskap og friluftsliv større enn de samfunnsmessige gevinstene ved prosjektet. Fylkesrådmannen anbefaler derfor at det ikke gis konsesjon."

Stavanger Turistforening uttaler i brev av 27.03.06:

"Stavanger Turistforening ønsker ikke at det gis konsesjon til bygging av Osane kraftverk.

Småkraft AS søkte ved utgangen av 2005 om tillatelse til å bygge Osane Kraftverk i Suldal kommune.

Stavanger Turistforening (STF) har betydelige interesser i det omsøkte området, og går på det sterkeste imot at en tillatelse til ytterligere utbygging av dette området blir gitt.

STFs motstand mot reguleringsforslaget er basert på følgende:

- *Inngrepet er betydelig, og er tenkt plassert midt i det som er en av innfallsportene til STFs storstilte satsing i Suldalsheiene. Her planlegges det en demning og en 1350 meter lang rørgate med en diameter på 120cm, som nøyaktig følger STFs merkete løype innover mot Sandsa- og Strandalshytta. Selv tiltakshaver er i sin søknad tydelig på at "tiltaket vil være relativt godt synlig i terrenget".*
- *I to gjeldende fylkesdelplaner ('FINK'" og " Fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane") er gjenværende areal i disse deler av Ryfylkeheiene besluttet vernet av våre politikere.*
- *Inngrepet fører til at ytterligere 1.7 km² av det som karakterisert som "Inngrepsfrie Naturområder" går tapt i den del av Ryfylkeheiene der en finner noen av de største kraftutbyggingsprosjektene i Norge.*
- *Tiltakshaver forsøker å bagatellisere omfanget av inngrepet ved å referere til at det bare er 1.7 km² som går tapt. STF stiller seg noe undrende til denne holdningen; urørte naturområder i denne delen av Rogaland er mangelvare, og tåler ikke noen form for inngrep.*
- *Søknaden inneholder flere unøyaktigheter/direkte feil påstander:*
 - *Tiltakshaver hevder etter en kort kartlegging basert på en dags feltarbeid, samt søk i DN's Naturbase, at det ikke er truede arter ("rødlistearter") i*

området. Denne konklusjonen er positivt feil, og bryter klart med konklusjonene i Ulla-Førreundersøkelsene (som åpenbart ikke er referert).

- *Det er også uhyre upresist av tiltakshaver å hevde at "Steinstølsåna ikke er omfattet av verneplaner " (jfr. kommentarer om Fylkesdelplanene over).*
- *Tiltakshavers konklusjon om planteliv er basert på en kort befaring seinhøstes. Dette er useriøst.*
- *Tiltakshavers konklusjon om at reguleringen vil "ha liten til middels negativ konsekvens for friluftslivet " er helt uforenlig med at tiltaket i sin helhet legges langs den eneste turstien inn i dette området.*

STF anmoder på det sterkeste om at fylkesutvalget går imot at det gis tillatelse til bygging av Osane kraftverk i Steinstølsåna i Suldal kommune."

I brev av 20.10.06 har **Stavanger Turistforening** kommet med følgende tilleggsuttalelse:

" Tilleggsuttalelse fra Stavanger Turistforening etter befaring med NVE tirsdag 17/10. Stavanger Turistforening har tidligere uttalt seg i saken. Etter befaring med NVE er vi styrket i vår konklusjon. Stavanger Turistforening ønsker ikke at det gis konsesjon til bygging av Osane kraftverk. Det finnes ikke alternative traséer for dagens sti.

I og med at rørgaten vil følge svært nær opptil dagens rødmerkede sti og krysse denne to ganger, vil en framtidig tursti legges oppå rørgaten. Fra å være en tur i terrenget vil folk oppleve å gå langs en smal anleggsvei. Erfaringer fra andre steder i Ryfylkeheiene tilsier at turen starter der anleggsvei slutter betyr at turstart flyttes fra Osane og opp til inntaksdammen.

Vi vil også understreke betydningen av å kunne oppleve en sti som går langs rennende vann, noe som begynner å bli svært sjeldent i Ryfylkeheiene. Under befaringen møtte vi en skole som hadde kjørt helt fra Jelsa for å gå turen opp til Svinstøl og tilbake. De hadde neppe tatt turen hvis elva hadde vært lagt i rør. Vi er svært skeptiske til en minstevannføring på 0,13 m³/s. Dette er langt under dagens gjennomsnittlig sommervannføring. Vi tror at elva vil fremstå som nærmest tørrlagt mesteparten av året."

Naturvernforbundet i Rogaland uttaler i brev av 31.03.06:

"Naturvernforbundet i Rogaland går sterkt i mot å gi løyve til å bygge Osane kraftverk i Suldal kommune. Dei miljømessige konsekvensane vil vere for store.

Naturvernforbundet meiner og at søknaden/konsekvensanalysen er mangelfull.

[...]

Naturvernforbundet sitt syn

Utbygger viser til konsekvensundersøkinga og seier at utbygginga vil ha liten til middels negativ Konsekvens for landskap, friluftsliv og fisk/ferskvassbiologi. For andre fagområde vil konsekvensane vere heilt marginale.

Naturvernforbundet stiller seg undrande til denne vurderinga. Me vil visa til følgjande:

Landskap og friluftsliv

- *Sjølvs om utbygginga vil ligge i eit område som alt er sterkt prega av vasskraftutbyggingar er restområda svært verdifulle. Øvre del av tiltaksområdet er eit slikt urørt restområde med store kvalitetar.*

- 1,7 km² med inngrepsfri natur vil gå tapt dersom utbygging skjer etter framlagd plan.
- Det er mykje utfart i tiltaksområde. Den planlagde røyrgata følger i stor grad turistløypa som er innfallsport til hyttene Sandsa og Stranddalen. Dette er eit satsingsområde for Stavanger Turistforening og ein kan truleg venta auka bruk av stinettet.
- Ei sterkt redusert vassføring og røytrase vil redusere opplevingskvalitetane mykje.

Biologisk mangfald

- Konsekvensrapporten opplyser at det ikkje er raudlisteartar i området. Etter kva Naturvernforbundet kjenner til, er det to artar i tiltaksområdet oppført på raudlista. Dette er og kjend informasjon for kommunen.
- I omtalen av biologisk mangfald og verneinteresser står det å lese i konsekvensrapporten: "støy og tap av inngrepsfrie naturområder er vurdert som dei viktigste konsekvensene av tiltaket". Støy er elles ikkje omtalt (eller utreda?) i rapporten.

Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar

- Under likelydande overskrift som her heiter det at "Steinstølsåna er ikke omfattet av verneplaner". Dette er feil. To vedtekne fylkesplanar gjeld:
 - I fylkesplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern (FINK) er deler av planlagt område klassifisert som et "turområde hvor allmenne friluftslivinteresser bør gis prioritet"
 - I fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene ligg heile tiltaksområdet i det som er definert som "ytte planområde". I retningslinjene i planen heitere det bl.a at "Naturressursene i området skal kunne utnyttes til det beste for fast bosetting gjennom friluftsliv og næring (landbruk, utmarksnæring og reiseliv) uten at naturressursene blir forringet for kommende generasjoner".

Naturvernforbundet vil og merke følgjande:

Utbyggingsprisen for Osane kraftverk. blir oppgitt til 2,42 kr/kWh. Me vil i denne samanheng minne om at Alternativ 2000, Vernegruppa for Saudavassdraga (bl a Naturvernforbundet) sitt alternativ i Saudaprojektet hadde ein utbyggingspris på 2,31 kr/kWh. Alternativet blei sett på som urealistisk p.g.a. pris. NVE la og vekt på dette.

3. Konklusjon

I Suldal har ein hatt ei eksplosiv utbygging av mindre kraftverk i seinare år. Med nokre unntak har desse isolert sett hatt små konsekvenser for natur og miljø. Med dei inngrep som Småkraft her legg opp til, meiner Naturvernforbundet at ein her må seie stopp. Konsekvensane for natur og friluftsliv blir for store. Naturvernforbundet går difor sterkt imot planane."

Suldal Elverk uttaler i brev av 30.03.06:

"Osane kraftverk må koplatt til Statkraft sin 22kV linje (produksjonslinje) i området. I Ulladalen er denne tilkoplest vår 22kV linje som kjem frå Hjorteland Transformatorstasjon. Denne stasjonen er eigd av Statnett. Vår linje frå Hjorteland til Ulladalen forsyner våre kundar i

Ulladalen, (ein nettstasjon, forbruk ca. 20000 kWh, og fortida ingen fastbuande), og Statkraft sine produksjonslinjer i reguleringsområdet til Ulla-Førre utbygginga.

Når Osane kraftverk blir bygget vil linjene i store deler av året fungere som reine produksjonslinjer, og våre tariffinntekter vil bli redusert til 0,5 øre/kWh produksjon ved Osane kraftverk. Desse inntektene vil truleg ikkje dekke utgifter til drift og vedlikehald av linjene.

Vi får soleis ei uheldig omfordeling innanfor inntektsramma der bortfall av desse inntektene må fordelast på dei andre uttakskundane.

Dette går på tvers av det vanlege prinsippet om at innmating frå småkraftverk ikkje skal føra til ekstrakostnad for dei andre kundane i nettet.

Dersom ein kan få til ein avtale som sikrar at våre inntekter på denne linja blir omtrent på same nivå som i dag, så vil vi anbefale at kraftverket blir bygget”.

Søkers kommentarer til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 13.9.2006 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

”...

Bakgrunn

Vi viser til brev frå 19.5.2006 der Dykk ber om Småkraft AS (Småkraft) sine kommentarar til mottekne høyringsfråsegner vedrørande konsesjonssøknaden for Osane kraftverk, Suldal kommune i Rogaland.

Vi har motteke fråsegner frå følgjande:

- *Suldal kommune*
- *Fylkesmannen i Rogaland*
- *Rogaland Fylkeskommune, brev av 21.3.2006*
- *Rogaland Fylkeskommune, brev av 12.5.2006*
- *Suldal Elverk KF*
- *Naturvernforbundet i Rogaland*
- *Stavanger Turistforening*

Småkraft sine kommentarar til dei enkelte fråsegnene:

Suldal kommune

Vedtak:

1. *Suldal kommune vil rå frå at Osane kraft får konsesjon for utbygging, då den kjem konflikt med fleire ålmenne verdiar knytt til friluftsliv og miljø, som nemnt rådmannen si vurdering i saksframstillinga.*
2. *Om NVE likevel tek sikte på å gje konsesjon, krev rådmannen ei ny og grundigare konsekvensutgreiing for vegetasjon knytt til vassstrengen, fisk og påverknad av vilt, og då spesielt rein, i nærområdet då kunnskapsgrunnlaget er for dårleg til å kunna trekka klare konklusjonar av verknadane av tiltaket.*
3. *Suldal kommune vil vera med på synfaringa NVE skal ha. Suldal kommune vil ha rett til å koma med tilleggsuttale etter denne.*

Småkraft sine kommentarar:

1. Grunneigaren og Småkraft minner om at området slett ikkje er urørt frå før av. Som kommunen veit er det etablert kraftanlegg, kraftline og vegar i området som har ein mykje større inngrepsdimensjon enn det planlagde Osane kraftverk. Det verkar heller ikkje som om dette så langt har skremt vekk turgåarar herifrå, sitat Naturvernforbundet i Rogaland; "Dette er eit satsingsområde for Stavanger Turistforening og ein kan truleg venta auka bruk av stinettet." Vi meiner at tap av 1,7 km² i inngrepsfrie områder (INON) ikkje står i forhold til at grunneigarane, som bur i området heile året, ikkje får nytta delar av eigdommen sin til ei tilleggsnæring som vil kunne bidra til ekstra inntekter og stimulere til framleis busetjing i området. Vi ser sjølvsagt at området er viktig mtp friluftslivet. Med bakgrunn i dette er det også foreslått ei heilårig minstevassføring som sikrar at Steinstølsåna vil renne med 130 l/s heile året. I tillegg vil også andre elvar (frå Botnavatnet og nedover) renne som dei gjer i dag. Røyrkata skal også gravast ned, og etter 5-10 år vil denne traseen være tilgrodd og vanskelig å få auge på. Småkraft og grunneigarane trur difor at området framleis vil være like attraktivt for turgåarar når anleggsperioden er over og gjengroinga har komme eit godt stykke på veg.
2. Det er NVE som sett krav om kva undersøkingar som skal utførast i denne samanheng. Verken prosjektet eller inngrepet er av ein slik storleik av at dette har blitt stilt krav om.
3. Vi håpar Suldal kommune stiller på synfaring med NVE, Småkraft og grunneigarar. Dette trur vi vil oppklare i ein del forhold som vi meiner kommunen ikkje har sett, og ein grundigare gjennomgang av prosjektet trur vi og vil være oppklarande.

Fylkesmannen i Rogaland.Kommentarar:

1. Det må tas særleg hensyn til valg av rørgatetrasé og terrenginngrepene i forbindelse med nedgraving/overdekkingen av denne. Fylkesmannen vil be NVE å se på om tunnel fra Grunnevatn til Sandsavatn kan være et realistisk alternativ til rørgate.
2. Det bør slippes en minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring. Av hensyn til landskapsverdi og friluftsinnteresser bør dette økes til 2 x alm. lavvannføring om sommeren (turistsesongen).
3. Vi forutsetter at standard betingelser vedr. naturforvaltning legges til grunn i konsesjonen.

Småkraft sine kommentarar:

1. Tiltakshavar vil sjølvsagt ta omsyn til traseval ut i frå terrenget om prosjektet blir realisert. Å legge vassvegen i tunnel er sjeldan lønnsamt i samband med småkraftutbygging, slik er det og i dette tilfellet.
2. Tiltakshavar har allereie foreslått ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring (130 l/s) for heile året. I konsekvensutgreiinga er det synleggjort ei trong for minstevassføring gjennom heile året, blant anna for å unngå innfrysing av rogn om vinteren. Småkraft veljar å prioritere ei viss minstevassføring over heile året som framlegg til manøvreringsreglement. I snøsmelteperiodar og i periodar med kraftig regn vil vassføringa verta høgare enn slukeevna til kraftverket. Desse periodane vil som oftast inntreffe om våren og tidleg på sommaren. Periodar med mykje nedbør kan og inntreffe på sommaren og tidleg på hausten, dvs i store delar av turistsesongen. I

snøsmeltinga og nedbørrike periodar vil turistane dermed stundom få oppleva ei større vassmengd i Steinstølåna enn alminneleg lågvassføring. Mtp at det berre er Steinstølåna som vil ha redusert vassføring og at dette berre vil synast i delar av året, samstundes som vatn frå Botnavatnet framleis vil renne som i dag, er vi ueinige i at det bør påleggast dobbelt av alminneleg lågvassføring i sommarhalvåret.

3. *Vi reknar med dette blir utført av NVE.*

Rogaland Fylkeskommune (RFK)

Kommentarar:

Brev av 21.3.2006:

1. *Fylkesutvalget i Rogaland fikk sak om bygging av Osane kraftverk til behandling 14.3.2006, men utsatte saken i påvente av Suldal kommunestyres behandlingFylkesutvalget vil da først kunne behandle saken 9. mai, og vi må derfor be om ytterligere utsettelse av fristen.*

Brev av 21.3.2006:

2. *Rogaland fylkeskommune går mot at det gis tillatelse til utbygging av Osane kraftverk i Steinstølåna i Suldal kommune som beskrevet i søknad av november 2005.*

Småkraft sine kommentarar:

1. *Ingen kommentar.*
2. *Viser til kommentarar til Suldal kommune.*

Suldal Elverk KF

Kommetarar:

1. *Når Osane kraftverk blir bygget vil linjene i store deler av året fungere som reine produksjonslinjer, og våre tariffinntekter vil bli redusert til 0,5 øre/kWh produksjon ved Osane kraftverk. Desse utgiftene vil truleg ikkje dekke utgifter til drift og vedlikehald av linjene. Vi får soleis ei uheldig omfordeling innanfor inntektsramma der bortfall av desse inntektene må fordelast på dei andre uttakskundane. Dette går på tvers av det vanlege prinsippet om at innmating frå småkraftverk ikkje skal føra til ekstrakostnad for dei andre kundane i nettet.*
2. *Dersom ein kan få til ein avtale som sikrar våre inntekter på denne linja blir omtrent på same nivå som i dag, så vil vi anbefale at kraftverket blir bygget*

Småkraft sine kommentarar:

1. *Småkraft er innstilt på eit samarbeid med Suldal Elverk om nettilknytning.*
2. *Vi vil komme tilbake til Suldal kraftverk etter at konsesjon og detaljplanar er utarbeida. Det vil bli utarbeida ein driftsavtale der ein tek omsyn til utfordringane som Suldal Elverk tek opp.*

Naturvernforbundet i Rogaland (NM)

1. *Sjølv om utbygginga vil ligge i eit område som alt er sterkt prega av vasskraftutbygging er restområda svært verdifulle. Øre delar av tiltaksområde er eit slikt urørt restområde med store kvalitetar.*
2. *Det er mykje utfart i tiltaksområdet. Den planlagte røyrsgata følgjeri stor grad turistløypa som er innfallsport til hyttene Sandsa og Stranddalen.*

3. *Ei sterkt redusert vassføring og røytrase vil redusere opplevingskvalitetane mykje*
4. *Konsekvensrapporten opplyser at det ikkje er raudlisteartar i området. Etter kva Naturvernforbundet kjenner til, er det to artar i tiltaksområdet oppført på raudlista. Dette er og kjend informasjon for kommunen*
5. *I omtalen av biologisk mangfald og verneinteresser står det å lese i konsekvensrapporten; "Støy og tap av inngrepsfrie naturområder er vurdert som dei viktigste konsekvensene av tiltaket" Støy er elles ikkje omtalt (eller utreda) i rapporten.*
6. *....her heiter det at "Steinsølsåna er ikke omfattet av verneplaner ". Dette er feil. To vedtekne fylkesplanar gjeld: I fylkesplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern er deler av planlagt område klassifisert som eit "turområde hvor almenne friluftsinnteresser bør gis prioritet-. I fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene ligg heile tiltaksområdet i det som er definert som 'ytre planområdet ". I retningslinjene i planen heiter det bl a at "Naturressursene i området skal kunne utnyttes til det beste for fast bosetting gjennom friluftsliv og næring (landbruk, utmarksnæring, reiseliv) uten at naturressursene blir forringet for kommende generasjoner. "*
7. *Utbyggpris for Osane kraftverk blir oppgitt til 2,42 kr/ kwh. Saudaprojektet hadde ein utbyggpris på 2,31 kr/ kwh. Alternativet blei sett på som urealistisk p.g.a pris. NVE la vekt på dette.*
8. *Med dei inngrep som Småkraft her legg opp til, meiner NVR at ein her må seie stopp. Konsekvensane for natur og friluftsliv blir for store. NVR går difor sterkt imot planane.*

Småkraft sine kommentarar:

1. *Vi kan være einig i at øvre delar av inngrepsområde er verdifulle mtp friluftsliv og biologisk mangfald. Samstundes meiner vi projektet er planlagt og vil bli utført på ein skånsam måte og at tap av 1,7 km² i inngrepsfrie områder ikkje står i forhold til alt det positive projektet medfører for området.*
2. *Det kan bli lagt til rette for faringsvegar/stiar i forbindelse med legging av driftsvassvegar på Osane. Erfaringar frå andre småkraftutbyggingar viser at turstiar som blir meir oppgraderte og meir tilrettelagte også blir meir populære av turgåarar.*
3. *Visar til tidlegare kommentarar om minstevassføring.*
4. *Under punkt 3.3.5 i miljørapporten er det opplyst om to artar fugl som er registrert på raudlista. Det er også kjent at desse artane ikkje har noko spesiell tilknytning til elvestrengen eller projektet sitt influensområde. Miljøkonsulent var også i kontakt med to referansepersonar frå kommunen før synfaringa. Dei kunne ikkje opplyse om andre kjente raudlisteartar. Dersom NVR eller andre kan peike på at det raudlisteartar i planlagt røyrgatefase, vil Småkraft kunne ta omsyn til det i den vidare planlegginga. Ut frå det vi har funne ut vil ikkje raudlistearter verte direkte råka av utbygginga.*
5. *Småkraft AS må halde seg til dei grenseverdiane for støy som gjeld etter dagens lovverk. Kan vidare informere om at det finst 3 støykjelder frå småkraftverk. Dette gjeld turbin, linje/trafo og ventilasjonsanlegg. Felles for alle er at designen relativt enkelt kan løysast slik at støy ikkje blir til sjenanse for folk som måtte ferdast i området.*
 - *Turbinstøy løyser ein ved å isolere sjølve turbinen med vasslås i sjø/utlaupskanal eller med gardin som leiar lydbølgjene ned i vatnet.*

- Linje-/trafostøy blir løyst ved å plassere trafo bort ifrå hus, ferdselsområde og eventuelle stiar i tillegg til å grave ned nærliggande kabel.
 - Ventilasjonsstøy blir løyst ved å syte for at utblåsing går bort frå hus og stiar/vegar.
 - Dersom det er behov for det kan ein i tillegg til dette eventuelt lage ein støyvoll.
 - Både grunneigarane og Småkraft er opptekne av å redusere støyen så mykje som råd er. Ein av grunneigarane blir nærmaste nabo til kraftstasjonen og vil etter vår meining ha ei sterk eigeninteresse i at støyen vert redusert mest mogeleg.
6. Miljøkonsulent har igjen rådført seg med kommunen og dei har ikkje opplyst om slike fylkesmessige verneverdiar. Fylkesplanane ligg heller ikkje inne på Naturbase som dei burde gjere.
7. Som sikkert NVR har fått med seg har straumpris og teknologi endra seg ein del sidan år 2000. Det er opp til tiltakshavar og grunneigarar å vurdere om prosjektet er lønnsamt eller ikkje.
8. Er ueinig i dette.

Stavanger Turistforening (STF)

Kommentarar:

Stavanger Turistforening ønsker ikkje at det gis konsesjon til bygging av Osane kraftverk.

Viser elles til same punkt som Naturvernforbundet i Rogaland tek opp.

Småkraft sine kommentarar:

Ueinig i dette, og viser til tidlegare kommentarar.

Småkraft AS konkluderande kommentarar

Den konsekvensutgreiinga som Småkraft AS har fått utført, er kritisert av fleire av dei som har uttala seg. Omfanget er gitt av Vassressurslova og ikkje av Plan- og bygningslova. NVE har fastsette eit tak for kostnadane med eit av deltema -- biologisk mangfald. Det er truleg dette taket Suldal kommune referer til (kr. 20.000). Dei andre deltema krev og et visst kjennskap til området samt saksutgreiing og dokumentasjon. Småkraft sine totale kostnader er difor høgare enn den nemnde summen. Småkraft AS beklagar at det ikkje var mogeleg å få til ei synfaring tidlegare på året. Småkraft AS meiner likevel at ein god biolog vil vera i stand til å danne seg eit høveleg inntrykk av floraen og ikkje minst konfliktpotensiale også seinhaustes.

Fylkesplan for friluftsliv og idrett, naturvern kulturminnevern (FINK) og fylkesplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene.

Naturvernforbundet i Rogaland med fleire syner til Fylkesplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern (FINK) og peiker på at deler av planlagt utbyggingsområde er klassifisert som "et turområde hvor almenne friluftsinnteresser bør gis prioritet" og at tiltaka ligg innafor "ytte planområde" i fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene. Ut frå omtala av planane er offisiell status med omsyn på inngrep framleis noko uklårt. Småkraft seier seg lei for at ikkje det lukkast oss å få tak i dei tidlegare og såleis få dei omtala i konsesjonssøknaden. Slik vi ser det ligg det ikkje føringar for å seie nei til denne type inngrep. Tvert i mot kan naturressursane utnyttast til beste for fast busetting og næring. Som omtala elles er det nettopp dette grunneigarane ønskjer å gjere i samarbeid med Småkraft.

Utbygging av småkraftverk er ei form for utnytting av naturressursane som vil styrke fast busetting gjennom stadbunden næring (mellom anna styrkje landbruket). (Hyttebygging er derimot ikkje tillate dersom den ikkje er knytte til stadbunden næring.) Ut frå ei totalvurdering meiner Småkraft og grunneigarane at fordelane ved ei utbygging klårt overstig ulempene. Dette håper vi og at synfaringa vil klåra opp i.

Ei investering i anlegget Osane kraftverk, med ei kostnadsramme på kr. 22,1 millionar, vil naturleg nok føre til ringverknader i forbindelse med auka sal av varer og tenester i prosjektområdet og i kommunen generelt. Ei Masteroppgåve utført ved Landbrukshøyskolen i Ås 2006 har undersøkt dei direkte og indirekte lokale verdiskapinga i regionen ved bygging av småkraftverk. På bakgrunn av undersøkinga kan ein anslå den samla lokale verdiskapinga for Osane kraftverk til å være i området 22-30 mill kr. Dette vil være varekjøp, tenester, servicetenester og arbeidsplassar som ei direkte følge av utbygginga og drifta rundt anlegget. Tiltakshavar reknar med at anleggsarbeidet, som varer i ca. 12 månader, vil gje rundt 7 arbeidsplassar i anleggsperioden, og minst 1/3 varige årsverk som følge av dagleg drift.

Ei realisering vil sikre både busetting, vedlikehald av bygningar og kulturlandskap. Vi trur også ei synfaring i område vil underbygge våre kommentarar til høringsfråsegene. Då vil vi og kunne diskutere eventuelle andre ønska trase og eventuelt tilrettelegging for tur sti i røyrgatetrase”.

Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse

Småkraft AS har i brev av 18.12.2007 kommet med endrede planer for deler av tiltaket. Fra dette refererer vi følgende:

”Bakgrunn

Søknad for bygging av Osane kraftverk, Suldal kommune, vart sendt på høyring frå NVE 22.12.2005. Prosjektet vil utnytte delar av vassføringa i Steinstølåna frå kote 702 til kote 607. Vidare fekk Småkraft oversendt fråsegner til prosjektet frå NVE og kommentert desse i brev datert 13.9.2006. NVE arrangerte synfaring av prosjektet 17.10.2006 for tiltakshavar og høyringspartar.

Vassveg i fjell

*Småkraft har i søknad for Osane kraftverk skildra vassveg med røyr (delvis nedgrave). Frå høyringspartar og NVE har det komme negative kommentarar til dette. Det vart vidare stilt spørsmål om vassvegen kunne leggjast i fjell. Småkraft AS undersøkte dette i forbindelse med søknad for Osane kraftverk. Dette var også greia ut på nytt etter høyringsrunden. Det var her tatt utgangspunkt i alternativ med konvensjonell boreteknologi (TBM). Konklusjonen var at Osane kraftverk ikkje kunne realiserast med dei kostnadar som ville tilfalle prosjektet med denne type boreteknologi. I våre kommentarar til høyringa, brev 13.9.2006 kom vi med følgjande utsegn; ”Å legge vassvegen i tunnel er sjeldan lønnsamt i samband med småkraftutbygging, slik er det og i dette tilfellet.” Dette vart også understreka under synfaring 17.10.2006. I etterkant av dette har Norhard gjort ein annan type boreteknologi, fullprofilboring, tilgjengeleg på marknaden. **Med denne teknologien kan Osane kraftverk realiserast som fjellanlegg innanfor dei økonomiske rammene prosjektet tillet.** Nordhard og Småkraft AS har innleia eit samarbeid i forbindelse med Osane kraftverk.*

Massehandtering

I vedlegg 1. ligg ”Arealdisponeringsplan” for nytt fjellalternativ. Det er planlagt å fange opp boremassen i ei grop tett inntil påhoggstad. Vatnet blir leia vidare til ein pumpekum for så å bli pumpa over i ei sedimenteringsgrop i eksisterande steintipp på andre sida (sydsida) av elva.

Borkaksen må lastast opp dagleg og transporterast til eit deponi. Steintippen vil bli nytta til dette formålet.

Vi har her sett av eit område på ca. 1000 m² som kan nyttast til tippområde. Teoretiske massar er 1140 m³. Det er venta at tippen vil bli få eit areal på ca. 1000 m² og bli ca. 1,2 m høg. Tippen vil bli arrondert etter ferdigstilling.

Det er etterspørsel etter denne typen masser i området, og dersom det blir gjeve tillating til det kan ein fjerne heile tippen etter avtale med Småkraft AS og Suldal kommune i etterkant av utbygginga.

Oppjustering av slukeevne

Småkraft ønskjer å auke slukeevna i frå 150% til 200% av Qmiddel. Vi opprettheld i dette alternativet ei heilårig minstevassføring på 130 l/s.

Å auke slukevna frå 150% til 200% vil gje færre dagar overløp i Steinstølsåna. Samstundes vil ei minstevassføring på 130 l/s sikre at det renn vatn i Steinstølsåna heile året (når tilsiget er større enn 130 l/s). Vi meiner endringane for naturmiljø er små for et nytt alternativ i forhold til opphavleg prosjekt.

		Konsesjonssøkt	Nytt alternativ med 5 persentil minstevassføring
Inntak	moh	702	702
Utløpskote	moh	607	607
Lengde	m	2200	2200
Diameter	m	1,2	1,2
Minstevassføring			
1. juni-30. sept	m ³ /s	0,13	0,66
1. okt-30. mai	m ³ /s	0,13	0,22
Slukeevne		150 %	200 %
	m ³ /s	2,66	3,55
Total produksjon	GWh	9,1	8,2
Installert effekt	MW	2,00	2,65
Utbygg.kost i mill.kr		22,1	24,7*
Utbygg.pris, kr/kWh		2,42	3,01*

*Lengde på rørgate som er oppgitt til 2200 m er feil iht. hovedtabell i søknaden.

Småkraft AS har senere ettersendt et oppdatert oversiktskart over prosjektet og en detaljert plan for inntaksløsningen i e-post datert 16.1.2013.

NVE har ikke forelagt de endrede planene til de som har uttalt seg, da vi mener at det i liten grad innfører nye ulemper av betydning som har tilsagt at dette er nødvendig.

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Tiltakshaver for Osane kraftverk er Småkraft AS. Småkraft AS er et produksjonsselskap etablert av fire selskaper i Statkraftalliansen. Selskapet eies av Statkraft, BKK, Agder Energi og Skagerak Energi.

Om søknaden

Småkraft AS søker tillatelse etter vannressursloven § 8 om bygging av Osane kraftverk i Suldal kommune. Småkraft AS har inngått avtale med alle grunneierene om utbygging og drift av kraftverket.

I den opprinnelige søknaden var det planlagt en installasjon på maks 2,0 MW og estimert en årlig produksjon på 9,1 GWh. Minste slukevne var på ca. 0,13 m³/s og maksimal slukevne var oppgitt til 2,66 m³/s. Det foreligger nå et nytt prioritert alternativ som vil ha en planlagt installasjon på ca. 2,65 MW. Maksimal slukevne blir ca. 3,55 m³/s. Estimert årlig produksjon blir på 9,8 GWh. Det nye alternativet innebærer også at vannveien legges i fjell med boret tunnel mellom inntak og kraftstasjon.

Beskrivelse av området

